



Arkivnr: 2015/12714-11

Saksbehandlar: Tone Stedal Haugland, Britt-Karen Spjeld

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utvale for kultur, idrett og regional utvikling		13.02.2018

Fullmakter på kultur- og idrettsområdet 2018

Samandrag

I starten av eit nytt år legg fylkesrådmannen fram sak om fullmakter på kultur- og idrettsfeltet. Det vert i denne saka gjort framlegg om delegasjon til fordeling av midlar på nokre budsjettpostar knytt til kultur, idrett og friluftsliv.

- Post 400.410: Fylkespremiar kr 50.000
- Post 400.420: Støtte til regionale arrangement for menneske med nedsett funksjonsevne - psykiatri/rus og psykisk utviklingshemma/ partnerskap for folkehelse kr 500.000
- Konferansar/ kompetanse knytt til aktivitets- og anleggsutvikling i kommunar og organisasjoner kr 233.000
- Post 400.720 – internasjonalt
- I kulturbudsjettet er det tre postar knytt til internasjonal kulturarbeid og –samarbeid:
 - Internasjonalt kultursamarbeid 185 000 kr
 - Juleprosjekt Orknøyene, Edinburgh og Cardiff 180 000 kr
 - Kulturavtale Basse-Normandie 214 000 kr

Fylkesrådmannen legg fram føringar for bruken av desse midlane i saksframlegget. Desse bygger på vedtekne føringar i budsjett dokument og regional kulturplan PREMISS: kultur.

Økonomi: Tildelingane er i samsvar med vedteke budsjett.

Klima: Fylkesrådmannen kan ikkje sjå at saka har relevans for t.d. klimaavtrykk.

Folkehelse: Regional plan for folkehelse 2014 - 2025 - fleire gode leveår for alle: Kulturopplevelingar har positiv verknad på folkehelsa. Vidareutvikle eit breitt og variert kultur- og idrettstilbod til barn og unge. Stimulere til kompetanseutvikling innanfor offentleg kulturforvaltning og innan kultur-, idrett- og friluftssektoren. Styrke mangfold i aktivitet og deltaking for grupper som treng særleg tilrettelegging.

Regional planstrategi: Gjennomføring av Regional kulturplan 2015-2025 PREMISS: KULTUR.

Gjennomføring av Regional plan for folkehelse 2014 – 2025.

Forslag til vedtak

Utval for kultur, idrett og regional utvikling gir fylkesrådmannen fullmakt til å fordele/disponere tilskota innan idrett og friluftsliv i følgjande postar etter dei føringane som ligg i saka:

1. Post 400.410: Fylkespremiar kr 50.000
2. Post 400.420:
 - a. Støtte til regionale arrangement for menneske med nedsett funksjonsevne - psykiatri/rus og psykisk utviklingshemma/ partnerskap for folkehelse, kr 500.000
 - b. Konferansar/ kompetanse knytt til aktivitets- og anleggsutvikling i kommunar og organisasjonar, kr 233.000
3. Post 400.720 – dei tre budsjettpostane knytt til internasjonal kulturarbeid og –samarbeid:
 - a. Internasjonalt kultursamarbeid, kr 185 000
 - b. Juleprosjekt Orknøyene, Edinburgh og Cardiff, kr 180 000
 - c. Kulturavtale Basse-Normandie, kr 214 000

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør kultur og idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Fylkesrådmannen, 29.01.2018

Fylkesrådmannen legg i denne saka fram forslag om at Utval for kultur, idrett og regional utvikling gir fylkesrådmannen fullmakt til å fordele tilskota i 6 ulike budsjettpostar.

Post 400.410 Fylkespremiar

Arrangement i regi av Norges Idrettsforbund, Det frivillige skyttarvesen og/eller underliggjande organisasjonsledd kan søke Hordaland fylkeskommune om premiering til nasjonale og internasjonale meisterskap på seniornivå og til yngre klassar. Premiane er sølvpokal og kunstverk med idrettsmotiv. Det kan søkast om fylkespremiar gjennom heile året, seinast 2 veker før arrangementet. Det vert tilrådd at Utval for kultur, idrett og regional utvikling gjev fylkesrådmannen fullmakt til å fordele fylkespremiar.

Post 400.420

1. Støtte til regionale aktivitetsarrangement for personar med nedsett funksjonsevne - psykiatri/ rus og psykisk utviklingshemma/ partnerskap for folkehelse.

Aktivitetane vert planlagt og gjennomført i eit samarbeid mellom ulike aktørar. Kr 400.000 er avsett til psykiatri/ rus og partnerskap for folkehelse i budsjettet. I tillegg vert kr 100.000, som Hordaland fylkeskommune har fått tilført etter søknad til Helse Bergen, nytt til å styrke arbeidet med unge innan psykisk helsevern. Totalt kr 500.000.

Det vert arbeidd med utvikling og etablering av nye aktivitetsarrangement for målgruppene. Hordaland fylkeskommune ønskjer å samarbeide med kommunar og andre aktørar for å skape aktivitet med god kvalitet gjennom instruktørar og leiing med god kompetanse og innhald som er med å skape ein aktiv kvardag for deltakarane. Gjennom samarbeidet i Idrettscampus Bergen er det etablert ulike delprosjekt m.a. Knutepunkt. Energisenter for barn og unge ved Haukeland universitetssjukehus, Bergen kommune, Hordaland idrettskrets, Høgskulen på Vestlandet og Hordaland fylkeskommune er sentrale aktørar i arbeidet. Målet for dette prosjektet er at barn og unge skal få lyst til å være fysisk aktive, trives på trening og oppleve fellesskap med hverandre uavhengig av helsetilstand. Eit av fokusområda er å utvikle modellar for auka deltaking og gjennom gjennomføring av kroppsøvingsfaget i vidaregåande utdanning, i grupper av elevar som no er lite fysisk aktiv. Det er i 2018 planlagt ein regional konferanse knytt til tema psykiatri og fysisk aktivitet. I tillegg er det avgjerande å sjå dette arbeidet i samanheng med folkehelsearbeidet forøvrig. I 2018 søker Hordaland fylkeskommune om deltaking i det nasjonale programmet for folkehelsearbeid i kommunane 2017-2027. Programmet skal fremje barn og unge fra 0-24 år sin livskvalitet og psykiske helse og det rusførebyggjande arbeid i kommunane gjennom samarbeid på tvers av sektorar.

Hordaland idrettskrets arbeider godt og målretta med inkludering av menneske med nedsett funksjonsevne. Dei har jobba særleg mot Hardangerkommunane, og tek eit viktig regional ansvar med å prøve å dekke alle kommunane med sitt arbeid. Hordaland fylkeskommune er positiv til å styrke dette arbeidet fram mot og etter Landsturneringa i Bergen i 7.- 8. september 2018.

I 2016 vart det etablert eit samarbeid med Norges Cykleforbund region vest knytt til sykkelprosjekt for personar innan psykisk helsevern/rus fram mot sykkel VM 2017. Det er ønskjeleg å videreføre dette arbeidet også i 2018.

Fylkesrådmannen tilrår at utval for kultur, idrett og regional utvikling gjev fylkesrådmannen fullmakt til å disponerer/fordele inntil kr 200 000 til samhandling i Idrettscampus Bergen for auka fysisk aktivitet for ungdom innan psykisk helsevern, kr 50.000 til Hordaland idrettskrets og kr 100.000 til Norges Cykleforbund region vest.

Fylkeskommunen ønskjer i tillegg å initiere 1-2 nye regionale aktivitetsarrangement i andre regionar. Kommunar/regionar, institusjonar og andre relevante aktørar vil verte invitert til samrådingsmøter for å kartlegge ressursar og interesse. Fylkesrådmannen tilrår å sette av inntil kr 150 000 til dette arbeidet for 2018.

2. Konferansar/kompetansetiltak

Det er avsett kr 160.000 til konferansar/kompetansetiltak ovanfor kommunane og organisasjonar som t.d. dialogkonferanse, nettverkssamlingar og ulike kurs. Kulturdepartementet tildeler årleg, på basis av søknad og rapportering, kr 75.000 til utviklingsarbeid i fylkeskommunane. Såleis er det kr 235.000 til desse tiltaka for 2018. Det vert tilrådd at Utval for kultur, idrett og regional utvikling gir fylkesrådmannen fullmakt til å disponere desse midlane til føremålet.

Øvrige tilgiengelege midlar på post 400.420 vert nytta til delfinansiering av tiltak for å realisere Regional kulturplan 2015-25, i samarbeid med kommunar og/el frivillige organisasjonar. Det vert tilrådd at Utval for kultur, idrett og regional utvikling gjev fylkesrådmannen fullmakt til å fordele desse midlane.

Internasjonalt kulturarbeid

I kulturbudsjettet er det tre postar knytt til internasjonal kulturarbeid og –samarbeid (Post 400.720):

Internasjonalt kultursamarbeid	185 000 kr
Juleprosjekt Orknøyene, Edinburgh og Cardiff	180 000 kr
Kulturavtale Basse-Normandie	214 000 kr

Desse tre budsjettpostane er omtala slik i budsjettet for 2018:

Internasjonalt kultursamarbeid

Denne posten vert i hovudsak nytta til prosjekt i samarbeidsregionane og kan støtte særlege satsingar i desse, men kan og støtte opp anna internasjonalt kultursamarbeid.

Juleprosjekt Orknøyane, Edinburgh

Posten er nytta for å støtte dei tradisjonsrike adventsmarkeringane med juletrettenning og vinterfestival. I Cardiff er det ikkje lenger aktivitet, medan det er stor merksemd om arrangementa i Kirkwall og Edinburgh. På Orknøyane legg kultur- og- idrettsavdelinga opp turne i skulane, i tillegg til konserter. Adventsmarkeringane vil gå som ordinært i 2018.

Kulturavtale Basse Normandie

Regionreform i Frankrike, har medført at Basse Normandie no er del av den nye regionen Normandie. Samarbeidsavtalen frå 2009 må difor reviderast. På kulturområdet er det konkrete samarbeidsprosjekt som må følgjast opp. Dette gjeld museumssamarbeid om krigshistorie og avtale om utvekslingsprogram for unge kunstnarar, i samarbeid med kunsthøgskulen ESAM i Caen og Universitetet i Bergen, fakultet for kunst, musikk og design. Det er og aktuelt å gje stønad til at kunstnarar frå Hordaland kan delta i festivalen Les Boreales i november.

Midlane på dei tre postane ovanfor som omhandlar internasjonalt samarbeid, går primært til tiltak initiert av Hordaland fylkeskommune. I særskilde tilfelle kan andre aktørar få tilskot dersom prosjekt/tiltak støttar opp under innhaldet i samarbeidsavtalane og er i samsvar med prioriteringar i Regional plan for kultur 2015–2025. Postane er lagt fram for politisk handsaming i saka «Fullmakter på kulturområdet».

Hordaland fylkeskommune har fleire samarbeidsregionar i Europa: Orknøyane og Edinburgh i Skottland, Cardiff-området i Wales, Kaunas i Litauen og (Nedre) Normandie i Frankrike. Samarbeida har ulikt fokus, premiss og aktivitetsnivå. Budsjettposten internasjonalt kultursamarbeid skal i hovudsak gå til prosjekt og tiltak knytt til samarbeidsavtalane/samarbeidsregionar.

Ei systematisk vidareutvikling av samarbeidet med (Basse)Normandie og Skottland/Edinburgh er vedteken i Regional kulturplan.

Normandie:

Kultur er eit viktig felt i samarbeidsavtalen med Normandie. Regionreforma i Frankrike som fekk verknad ved årsskiftet 2015/2016, resulterte i at Haute-Normandie og Basse-Normandie vart slegne saman til Normandie. Ein legg til grunn at avtalen må reviderast på grunn av reforma, men det er ikkje signal om at det vert store forandringer i prioriteringane. Budsjettposten «Kulturavtale Basse-Normandie» skal utvikle og styrke samarbeidet mellom dei to regionane.

Hordaland fylkeskommune har, spesielt sidan revitaliseringa av samarbeidet i 2009, initiert fleire samarbeidsprosjekt mellom kulturinstitusjonar i Hordaland og (Basse-)Normandie. Eit døme på eit slikt samarbeid er mellom Fabrique de Patrimoines en Normandie og Museum Vest. Dei to institusjonane samarbeider på ulike arenaer med temaet Atlanterhavsvollen / 2. verdskrig. Det har m.a. vore seminar og utstillingsprosjekt, og det jobbast no med å etablere eit større prosjekt ved å søkje om midlar frå EU.

Samarbeidet mellom Basse Normandie og Hordaland har særleg vore knytt til den tverrestetiske festivalen Les Boreales som har fokus på nordisk kultur. Ein har kvart år hatt arrangement i programmet med merkelappen «Made in Hordaland» der artistar og kunstnarar innan ulike kunstformer har delteke. Dette kan vere framsyningar av allereie produsert materiale, men kan også vere spesialprogram sett saman for dette høvet. Det er presentert ulike kunstnarskap og prosjekt for festivalleiringa, og det vil verte brukt midlar frå denne kontoen for å støtte festivalen i *Made in Hordaland*-prosjekt.

Det er også etablert eit program for utveksling av unge kunstarar innan det visuelle kunstfeltet. Her er Fakultet for kunst, musikk og design, UiB og ESAM kunstskulen i Normandie partnarar. Det er inngått ein avtale der unge kunstnarar frå dei to regionane har eit tre-månaders gjestekunstnaropphold. Hordaland fylkeskommune dekker då stipend og reise for Hordalandskunstnaren og husleige ol for den franske kunstnaren som har opphold i Hordaland.

Skottland / Irland:

Budsjettposten «Juleprosjekt Orknøyane, Edinburgh og Cardiff» er nytta for å støtte dei tradisjonsrike adventsmarkeringane med juletrettening. I Cardiff har det ikkje vore aktivitet dei seinare åra, medan det er stor merksemd om arrangementa i Kirkwall og Edinburgh. På Orknøyane legg Kultur- og idrettsavdelinga opp turne i skulane, i tillegg til konserter. Adventsmarkeringane vil gå som ordinært i 2019.

Det har også vore interesse for samarbeid vidare vestover. Den norske ambassaden i Dublin har henvendt seg vore og m.a teke initiativ til eit prøveprosjekt med forfattarutveksling mellom Hordaland og Irland. Det er stor interesse for samarbeid mellom Irland og Vest-Noreg på grunn av historiske tette band. Det kan vere aktuelt å setje av nokre midlar til å jobbe litt vidare med dette. Om fylkesrådmannen ser det som relevant med eit meir omfattande satsing i forhold til Irland, vil dette verte lagt fram for utvalet i eiga sak.

Anna

Prosjektet Migrasong i regi av Museumssenteret i Hordaland og fylkesmusikarane er eit viktig internasjonalt prosjekt for Hordaland fylkeskommune. Prosjektet bygger på utvandrarhistoria til USA og den felles musikalske arven ein såleis har med Amerika. Det vil i 2018 verte brukt midlar til turné i USA(Midtvesten) frå kontoen *Internasjonalt kultursamarbeid*.

Det kan vere aktuelt å bruke mindre midlar frå kontoen Internasjonalt kultursamarbeid til oppfølging av kunstnarutvekslinga med Covarrubias, Spania.